

Rosendal/Uskedal sitt småjentelag innkasserte i dag ein ny storseier. Heile 18-1 vart det til slutt då laget møtte Trio 2 på Husnes.

. Dermed har dei gjeve Trio-laga hard medfart i sesonginnleiinga. Dei har nemleg vunne tosifra over Trio 1 tidlegare i vår.

Kampane mot Trio har vorte spela som 7`ar-fotball. I kampen laurdag var det tre uskedals-jenter med på laget. Dei var alle svært fornøgde med kampen. I tillegg til at dei syntest laget hadde spela svært godt, teikna alle tre seg på scoringslista. Silje Bråtun noterte seg for tre fulltreffarar medan Margareth Sæle og Monika Helen Kårstad scora henholdsvis to og eitt mål. Flott levert!